



## HEMSEDAL KOMMUNE

### TEIEPLIKT FOR FOLKEVALDE I HEMSEDAL KOMMUNE

Alle som er folkevalde i Hemsedal kommune er bunden av Forvaltningslova (§13 TIL 13 e) og reglar om teieplikt i personvernlova. Brot på teieplikta eller på vilkår etter Forvaltningslova § 13, kan straffast etter straffelova § 209 og 210.

#### Eg forstår:

- at eg som folkevald i Hemsedal kommune kan få tilgang til informasjon som ikkje må gjerast kjent for uvedkomande. Dette gjeld mellom anna sensitive personopplysningar og informasjon om høve kring sikringstiltak synleggjort gjennom risikovurderingar i kommunen.
- det er forbode å bruke teiepliktige opplysningar som ein har fått kjennskap til i annan samanheng enn det opplysningane er innhenta for (for eksempel i privat næringsverksemd)
- teieplikt etter forvaltningslova gjeld berre opplysningar ein blir kjend med i samband med tenesta eller arbeidet.
- at mi rolle som ombod i Hemsedal kommune krev ansvar, lojalitet og respekt for vern av informasjon og andre verdjar.

#### Eg pliktar:

- å vise respekt i handsaming av alle oppgåver eg utfører for kommunen.
- å ta vare på teieplikta knytt til alle konfidensielle opplysningar i høve som er belagt med teieplikt, og som er får kjennskap til gjennom mitt verv i Hemsedal kommune.

#### Eg er klar over at:

- forsetteleg eller aktlaust brot på teieplikta kan føre til straffeansvar.
- teieplikta gjeld og etter at mitt verv i Hemsedal kommune er avslutta.

Dato: \_\_\_\_\_

Stad: \_\_\_\_\_

Signatur: \_\_\_\_\_